

Møteinnkalling

Utval:	Planutvalet
Møtestad:	Fylkeshuset Sandsli, Sandslihaugen 30, Bergen Fylkesutvalsalen, 4. et.
Dato:	30.01.2020
Tid:	Start: 11:30/Umiddelbart etter møtet i valnemnda

Program

Kl 11:30 - 13:00/umiddelbart etter møtet i valnemnda - Saksbehandling

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Alle medlemmer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne eposten vil kome innan to dagar. Innkallinga gjeld valde medlemmer i planutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Jon Askeland



utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 1/20	Godkjenningssaker Godkjenning av møteinkalling og sakliste		
PS 1/20	Politiske saker Regional planstrategi 2020-2024 - Forslag til overordna mål	2020/1420	

Godkjenningssaker

GK 1/20 Godkjenning av møteinkalling og sakliste

Politiske saker

PS 1/20 Regional planstrategi 2020-2024 - Forslag til overordna mål

Saknr: 2020/1420-1
Saksbehandlar: Hans-Christian Engum

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Planutvalet	1/20	30.01.2020

Regional planstrategi 2020-2024 - Forslag til overordna mål

Forslag til vedtak

1. Planutvalet sluttar seg til dei tre overordna måla for Regional planstrategi 2020-2024:
 - Mål 1 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
 - Mål 2 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv
 - Mål 3 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping
2. Planutvalet meiner dei tilrådde strategiane er gode utgangspunkt for vidare prosess internt og eksternt.

Samandrag

Regional planstrategi skal vere ein overordna utviklingsplan for Vestland fylke og gi retning for satsingar for alle forvaltningsnivå og føringar for regionalt planarbeid i perioden.

Rapporten *Vestland - utfordringar for fylket og regionane* er lagt til grunn for arbeidet saman med rapporten *Folkehelseoversikt for Vestland 2019-2020*. Basert på desse rapportane og ein intern prosess om korleis ein skal implementere berekraftsmåla i fylkeskommunen sitt arbeid, legg fylkesrådmannen no fram forslag til overordna mål for regional planstrategi 2020-2024. Vidare vert det presentert ein skisse til medverknadsprosess.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Paal Fosdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Bakgrunn for saka

Fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune vedtok oppstart av prosessen med regional planstrategi 2020-2024 i sitt møte 3. desember 2019. Utvalet fatta følgjande vedtak:

1. Fylkesutvalet startar arbeidet med regional planstrategi for Vestland 2020-2024 med sikte på vedtak i fylkestinget i september 2020. Arbeidet byggjer på rapporten: Vestland - Utfordringar for fylket og for regionane, og Vestland folkehelseoversikt 2019-2023.
2. Planutvalet leiar prosessen og drøftar vegval under vegs, og samrår seg med KS for Vestland og fylkesmannen i Vestland etter behov.
3. Fylkesutvalet vil leggja til rette for medverknad frå eksterne organ både før vedtak av høyringsforslag og i høyringsperioden mai-juni.
4. FN sine 17 berekraftsmål for 2030 skal leggjast til grunn for planstrategien.
5. Fylkesutvalet fastset at formell oppstart av regionalt planarbeid i Vestland, utanom regional transportplan, skal avvente vedtak av ny planstrategi. Felles handlingsprogram for planar som har same tema kan likevel utformast straks.
6. Arbeidet med ein felles regional transportplan startar opp parallelt med planstrategien. Det vert lagt til grunn at planstrategien vert vedteken før ny regional transportplan slik at føringar i planstrategien vert lagt til grunn for planen.

Vedtakskompetanse

I følgje *Reglement for folkevalde organ og delegering* skal planutvalet gje retningsgjevande og strategiske føringar til pågåande planprosessar.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Regional planstrategi skal fastsette overordna mål som også må leggjast til grunn for framtidige budsjett og økonomiplanar.

Klima: Klimautfordringane er peikt på som ei sentral utfordring i kunnskapsgrunnlaget til regional planstrategi.

Folkehelse: Det er utarbeidd ei folkehelseoversikt som grunnlag for regional planstrategi.

Regional planstrategi: I følgje plan og bygningslova skal Fylkestinget vedta ny regional planstrategi i løpet av eit år etter konstituering av nytt fylkesting. Denne saka tilrår overordna mål for regional planstrategi 2020-2024.

Saksutgreiing

Kunnskapsgrunnlag

Arbeidet med førebuing av kunnskapsgrunnlag for regional planstrategi 2020-2024 starta i førre fylkestingsperiode og har resultert to rapportar:

«Vestland - Folkehelseoversikt 2019-2023» løftar fram følgjande punkt som hovudutfordringar for Vestland:

Demografi. Delar av Vestland er prega av fråflytting og ei aldrande befolkning. Fleire område av fylket har utfordringar knytt til å rekruttere nok og riktig arbeidskraft. Kollektivtilbodet er dårleg i delar av fylket, noko som gir mindre deltaking i samfunnslivet for fleire grupper av befolkninga. Det er venta færre unge. Trivsel, utdanningsmoglegheiter, arbeidsplassar og gode nærmiljø har gjennomgåande vore trekt fram som viktig for regionane i Vestland.

Økonomisk ulikskap. Dei økonomiske skilnadene aukar i Vestland med ei særskilt auke i unge under 18 år som veks opp i hushald med vedvarande låg inntekt. Konsekvensane av dette er mange på sikt. Utsikter til god helse for den enkelte, deltaking i samfunnet - både for den enkelte og for den demokratiske utviklinga av samfunnet er område som blir råka av auka sosial ulikskap.

Klimaforandringar. Trugsel om ras og trong for klimatilpassing grip inn i folk si oppleving av tryggleik, men også i samfunnsplanlegginga - folk må bu nærare kvarandre og ha kortare reisevegar. Slike tiltak grip inn i og påverkar punkt 1 og 2.

Rapporten «Vestland - Utfordringar for fylket og regionane» peiker ut 10 hovudutfordringar for Vestland:

7

1. Klimaomstilling
2. Balansert areal- og naturressursbruk
3. Gode transportsamband og smart mobilitet
4. Grøn konkurransekraft
5. Digitalisering av samfunnet
6. Relevant kompetanse og kunnskap
7. Attraktive stader og gode nærmiljø
8. Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv
9. Eit likeverdig samfunn
10. Ungdom - trivsel og tilhøyre

Visjon og overordna mål

I det første ordinære fylkestinget for Vestland i desember 2019, vart det vedteke og formulert Vestland fylkeskommune sitt samfunnsoppdrag, visjon og verdiar som vist i figuren under.



Visjonen «Nyskapande og berekraftig» stakar ut den langsiktige kursen og bør ligge fast over lang tid og fleire valperiodar. Visjonen bør, slik fylkesrådmannen vurderer det, også bli lagt til grunn for regional planstrategi. Den primære rolla for planstrategien blir dermed å sette meir konkret kurs og retning gjennom å prioritere innsatsområde som skal bli fokusert i valperioden. Fylkesrådmannen rår til at ein i det vidare arbeidet legg til grunn følgjande struktur og målhierarki:

- ✓ Visjon
- ✓ Hovudmål
- ✓ Strategiar og innsatsområde

Implementering av FN sine berekraftsmål

FNs berekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Det er utarbeidd 17 mål med 169 delmål. Dei siste 30 åra har det i aukande grad blitt tydeleg at berekraftmåla påverkar kvarandre gjensidig. Det finst mange døme på at høg måloppnåing innanfor ein av dimensjonane, kan ha utilsikta negative konsekvensar for andre dimensjonar. Motsett finst det andre døme på utløysing av sterke synergieffektar av å sjå måla i samanheng. Dette syner behovet for å fokusere og oppnå alle berekraftmåla.

Vi lukkast med implementering av berekraftsmåla gjennom langsiktig, heilskapleg, og systematisk innsats på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Regional planstrategi er det viktigaste strategiske verkemiddel for å stake ut ein felles kurs og inkludere, inspirere og mobilisere heile Vestlandssamfunnet til å nå FN's berekraftsmål

Denne heilskaplege satsinga på berekraftig samfunnsutvikling, fell godt saman med regionreforma og styrkinga av fylkeskommunen sitt oppdrag som samfunnsutviklar. Berekraftsmåla skapar ei overbygning som kan bidra til meir samarbeid på tvers, samordna oppgåveløysing, samordning av

sektorar og prioriteringar. Berekraftmåla gjer i tillegg ei auka mogelegheit til å sjå verkemiddelbruken i samanheng på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.

FN sine berekraftsmål har størst potensiale for å styrke Vestland si utviklingskraft dersom arbeidet blir sett i verk som ei systematisk, integrert og langsiktig satsing. I tråd med visjonen som er vedteke for Vestland fylkeskommune bør berekraftmåla bli lagt til grunn for den langsiktige utviklinga av fylket. I det *langsiktige perspektivet* må alle berekraftmåla bli oppnådd, men ein må likevel i det *kortsiktige perspektivet* prioritere innsatsen der det er størst behov.

Mange legg til grunn at FN sine 17 berekraftsmål representerer ein tyngdeforskyving, og dermed eit uttrykk for ein revurdering av det tradisjonelle balanseringsprinsippet i berekraftig utvikling. Modellen frå Stockholm resilience centre (figur 1), indikerer at nokre berekraftsmål er å rekne som fundamentale framfor andre. Vårt livsgrunnlag og eksistens er avhengig av at vi når klimamåla og at biodiversiteten vert tatt i vare, samtidig som sosial berekraft er ei føresetnad for økonomisk berekraft. Det er i tillegg eit viktig prinsipp i berekraftmåla at ingen skal bli utelatne, og at dei mest sårbare gruppene i samfunnet bør bli prioritert. Dette kan peike i retning av eit spesielt fokus på klima og miljø og dei mest sårbare gruppene i samfunnet, mellom anna å unngå uheldige sosiale konsekvensar av ein offensiv klima- og miljøpolitikk.



Figur 1. Berekraftmodell der den økonomiske dimensjonen vert sett på som ein integrert del av den sosiale/samfunnsmessige dimensjonen og begge igjen er integrert i naturgrunnlag/ biosfæren. (Stockholm Resilience centre)

Berekraftsmål nr. 11: Berekraftige byer og samfunn vert av FN trekt fram som eit område der regionale og lokale myndigheiter særleg kan påverke. Vekst knytt til byer og tettstader set preg på samfunnsutviklinga både globalt og lokalt. I dette ligg det eit høgt potensiale for brei måloppnåing på tvers av alle berekraftsmål, gjennom samarbeid mellom innbyggjarar, næringsliv og offentlege institusjonar. Dette gjer by- og tettstadutvikling ein sentral posisjon i berekraftarbeidet, og bør difor ha høg prioritet.

Intern medverknadsprosess i Vestland fylkeskommune

Det har blitt gjennomført ein intern medverknadsprosess i Vestland fylkeskommune med fokus på kva berekraftsmål ein har størst påverknad på versus utfordringane i Vestland. Arbeidet viste at det finst verkemiddel knytt til alle hovudmål, og dei aller fleste 169 delmåla. Spørsmålet er i kor stor grad vi faktisk nyttar dei verkemidla vi har målretta og effektivt.

Vi kan trekke ut nokre konklusjonar frå arbeidet: Det var semje om at mål knytt til klima og miljø bør prioriterast. Samstundes var det ei klar konklusjon at mål knytt til den sosiale dimensjonen av berekraft bør løftast fram, jamfør FN si visjon om at ingen skal utelatast. Kunnskapsgrunnlaget til planstrategien viser at vi har aukande sosial ulikskap og at det er ujamnt fordelt. Dette har store og langvarige negative konsekvensar for samfunnsutviklinga knytt til mange berekraftsmål. Brei deltaking i verdiskaping bør difor ha høg prioritet dei neste fire åra. Den tredje tydelege konklusjonen var at dersom ein fokuserer samfunnsutviklingsarbeidet inn mot å skape berekraftige byar, tettstader og lokalsamfunn, berekraftsmål 11, er det ei svært effektiv, samlande og heilskapleg tilnærming til alle utfordringane i Vestland, som samstundes fangar opp alle dei tre dimensjonane i berekraft.

Konklusjon til drøfting i planutvalet

Fylkesrådmannen rår til at heile spekteret av berekraftsmål vert lagt til grunn for fylkeskommunen sitt langsiktige arbeid, og at det i planstrategiperioden vert utvikla indikatorar for å følgje med på utviklinga. Basert på kunnskapsgrunnlag, prosess og drøftinga over, foreslår fylkesrådmannen følgjande overordna mål for Regional planstrategi 2020-2024. Fylkesrådmannen rår til at planutvalet fastset overordna mål på det noverande tidspunkt, men at strategiane som vert føreslått er meir å rekne som utgangspunkt for vidare medverknadsprosess. Dette inneber at desse kan bli endra til neste møte, det kan og bli utvikla fleire strategiar om det viser seg hensiktsmessig.

Forslag til overordna mål for perioden 2020-2024

Mål 1 Klima og miljø som premis for samfunnsutviklinga



Klima og miljø grip inn i fleire av utfordringane som er identifiserte for Vestland i utfordringsdokumentet. Dette gjeld spesielt utfordringane knytt til å klimaomstille vestlandssamfunnet, ved å redusere klimagassutslepp samstundes som vi òg tilpassar oss eit klima i endring. Det gjeld og utfordringar knytt til ein balansert areal- og naturressursbruk, som bidreg til eit klimavenleg utbyggingsmønster, sikrar verneverdiar og syter for ei langsiktig forvaltning av naturressursane.

For å følgje opp denne målsettinga bør vi i Vestland jobbe med to strategiske retningar. For det første bør vi jobbe for ei heilskapleg klimaomstilling på tvers av sektorar. Og for det andre må vi utøve ein balansert natur- og ressursbruk for å ta i vare naturressursane og viktige verdiar knytt til naturmangfald, matjord og kulturminne. Strategiane stettar opp om berekraftsmål 13 som handlar om å stoppe klimaendringane. Andre relevante mål er 14 og 15 som handlar om Liv under vann og Liv på land.

Strategiar:

- 1.1. Klimaomstilling i og på tvers av alle sektorar
- 1.2. Ta i vare natur- og kulturverdiar gjennom balansert areal- og naturressursbruk

Mål 2 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv



Sentraliseringa er venta å auke fram mot 2040. Samstundes er delar av Vestland prega av fråflytting og ein aldrende befolkning. Dette kan gi mangel på arbeidskraft og kompetanse og svak nyetablering og verdiskaping. Det kan og gi manglande deltaking i samfunnslivet, ujamn tilgang til tilbod og tenester og aukande einsemd i befolkninga. Fysisk planlegging kan bidra til å møte desse utfordringane i Vestland.

Gjennom å fastsetje ein senterstruktur for framtidig vekst skaper ein føreseielege rammer for lokalisering og investering. Det bidreg til å redusere transportbehovet og sikre ei balansert vekst i heile fylket. Sentera skal fremje livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Attraktive byar, tettstader og grender skapar gode rammer for kvardagslivet, og kan bidra til ei berekraftig samfunnsutvikling med positiv verknad på tvers av alle dei 17 måla. Dette kan bidra til å løyse tverrsektorielle utfordringar knytt til folkehelse, klimaomstilling og verdiskaping.

Strategiar:

- 2.1. Menneskevennlege fysiske omgjevnader
- 2.2. Trygge og inkluderande lokalsamfunn

Mål 3 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping



Verdiskapinga må i større grad fri seg frå negativ miljøpåverknad. Vi har så langt ikkje klart å balansere den økonomiske veksten og auka sosial velferd med omsyn til naturen sin bereevne.

Det bør vere mål om at verdiskapinga skal ha vekst også i framtida, men innhaldet i veksten må endrast til meir ansvarleg forbruk og produksjon for å sikre berekraft i dei andre dimensjonane.

Dei økonomiske skilnadene aukar i Vestland og har gjort det over tid. Dette er likt med resten av landet, men auken har vore større i Sogn og Fjordane enn i Hordaland og landet. Hos barn og unge har det vore ei særskilt auke i unge under 18 år som veks opp i hushald med vedvarande låg inntekt. Ringverknadene av dette er mange og har negativ innverknad på samfunnet som heilskap. Samfunn med større økonomiske forskjellar har oftare lågare tillit mellom folk, svakare sosiale relasjonar, svakare demokrati og mindre økonomisk stabilitet. Tillit til og mellom folk og institusjonar, oppleving av tilhøyrslø og høg deltaking i arbeidsliv og kulturliv er kvalitetar ved vestlandssamfunnet vi bør ta vare på og støtte opp under gjennom å sørge for at folk i Vestland får like moglegheiter til å delta i samfunnet. Viktige arenaer for deltaking er barnehage, skule, arbeid og fritidstilbod.

Strategiar

- 3.1. Skape grøn økonomisk vekst og innovasjon med utgangspunkt i regionale fortrinn.
- 3.2. Arbeide for å redusere fattigdom og ulikskap mellom grupper

Medverknad

Fylkesrådmannen vil understreke at det er trong for god forankring av strategien dersom den skal fungere som ein felles utviklingsplan for fylket. Ein bør i størst mogeleg grad nytte eksisterande fora for innspel og medverknad eksternt. Informasjons- og kommunikasjonstiltak vil i hovudsak skje gjennom Vestland si nettportal. For aktiv medverknad er det i tillegg trong for fysiske møteplassar. Det gjeld regionalt planforum, regionalt næringsforum, kompetanseforum, folkehelseforum, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, eldreråd, fylkesting for ungdom, kontaktutvalet for innvandrarak og andre som etter kvart blir vurdert som relevante. Som særleg relevant kan vera ungdomens fylkesutval, frivillig sektor, NHO, statlege organ og kommunane.

Det vert foreslått to fasar i medverknaden med litt ulike organisering og verkemiddel fram mot vedtak:

I februar mars vert det organisert intern medverknad i fylkeskommunen og ekstern medverknad retta mot sentrale aktørar som ein integrert del av prosessen med å utarbeide eit forslag til planstrategi. Ei sentral del av intern medverknad er gjennomgang av regionale planer og temaplaner.

I mai- juni vert forslag til planstrategi sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn. I høyringsperioden vert det lagt til rette for ei breiare formell medverknad med eksterne møte retta inn mot kommunar, næringsliv, frivillige organisasjonar. Denne medverknaden fangar og opp særlege omsyn i planlegginga jamfør plan og bygningsloven si formålsparagraf, slik som barn og unges oppvekstkår, universell utforming og estetisk utforming av omgjevnadene.

Fylkesrådmannen viser til gode erfaringar med dei opne dialogmøte som vart arrangert i regionane i fjor, og meiner at vi kan gjenta slike møter i høyringsperioden. Ein bør likevel vurdere nærare om det er naudsynt å reise ut i fem regionar, eller om det kan samkøyrast i noko større grad. Desse møta bør også bli sett i samanheng med andre medverknadsprosessar i regi av fylkeskommunen, til dømes innspelsmøter i samband med nasjonal transportplan.

Framdriftsplan

Planfasar :	1. Førebuing			2. Medverknad		3. Høyring			4. Vedtak		
	nov	des	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep
1 Førebuing											
2 Medverknadsperiode											
3 Høyringsfase											
4 Vedtaksfase											
Fylkesutvalet - tilråding											17.
Fylkestinget - vedtak											29-30

Vidare arbeid fram mot neste møte i planutvalet 26. mars

Planutvalet i Vestland vil i sitt møte 26. mars få framlagt utkast til ein heilskapleg regional planstrategi. Dette inneber at følgjande må bli arbeida med:

- Vurdere eksisterande planar i høve til overordna mål og strategiar per 30. januar.
- Vurdere målkonfliktar i gjeldande planar mellom dei gamle fylka
- Revisjonsbehov
- Behov for revisjon av handlingsprogram
- Vurdere kva planar som skal opphevast
- Vurdere behov for nye planar
 - Regionale planar, temaplanar og strategiar
- Vurdere behov i planorganseringa for å sikre heilskap og overbygning mellom sektorar
- Opplegg for medverknad med eksterne partar

Møteprotokoll

Utval:	Planutvalet
Møtestad:	Videomøte, fjernmøte
Dato:	26.03.2020
Tid:	11:25-13:50

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjo n	Representerer
Jon Askeland	Leiar	Sp
Aleksander Øren Heen	Medlem	Sp
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Natalia Antonia Golis	Nestleiar	MDG
Marthe Hammer	Medlem	SV
Trude Brosvik	Medlem	KrF
Gunhild Alis Berge Stang	Medlem	V
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Noralv Distad	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Morten Klementsens	Medlem	FNB
Terje Søviknes	Medlem	FrP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FrP
Konsultativt medlem leiar for KULII Stian J. O. Davies	Medlem	A
Konsultativt medlem leiar for NÆRNA Tor André Ljosland	Medlem	KrF
Konsultativt medlem leiar for OPPKO Karianne Torvanger	Medlem	A
Konsultativt medlem leiar for SAMMO Jannicke Bergesen Clarke	Medlem	A

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør for organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Fylkesdirektør for strategi og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Fylkesdirektør for infrastruktur og veg
Bård Sandal	Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering
Bertil Søfteland	Seksjonsleiar for politisk sekretariat
Ingeborg Strandberg	Rådgjevar, politisk sekretariat /møtesekretær

Sakliste

Utvalls-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 2/20	Godkjenning av møteinkalling og sakliste		
GK 3/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i planutvalet den 30.01.2020	2019/130	
	Skriftlige spørsmål		
SI 1/20	Spørsmål frå Brosvik (KrF) - planstrategi statistikkinnsamling	2020/44856	
	Politiske saker		
PS 2/20	Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - strategiar og planbehov	2020/1420	
PS 3/20	Oppstart av arbeid med Regional Transportplan 2022 - 2033	2020/36671	

Godkjenningssaker

GK 2/20 Godkjenning av møteinkalling og sakliste

Saksprotokoll i 26.03.2020 - planutvalet

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.

GK 3/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i planutvalet den 30.01.2020

Saksprotokoll i 26.03.2020 - planutvalet

Møteprotokoll frå møtet i planutvalet den 30.01.2020 vart godkjent utan merknadar.

Skriftlige spørsmål

SI 1/20 Spørsmål frå Brosvik (KrF) - planstrategi statistikkinnsamling

Saksprotokoll i 26.03.2020 - planutvalet

Fylkesordførar gav slikt svar:

"Dette spørsmålet er viktig for tolking av mykje av statistikken på fylkesnivå, då Bergen utgjer ein så dominerande del av fylkesstatistikken. Det er i tillegg utfordrande å få alle nyansane inn i trykte dokument som dei tre representanten Brosvik viser til.

Fylkeskommunen ved seksjon for statistikk, kart og analyse, i avdeling for strategisk utvikling og digitalisering, er difor i ferd med å digitalisere kunnskapsgrunnlaga for planstrategien, slik at statistikken både blir løpande oppdatert og tilgjengeleg på kommunenivå – i den grad dette er tilgjengeleg. Ein vil då kunne sjå statistikken på fylkesnivå i lys av utviklinga i større kommunar, som Bergen. Det vil òg vere mogleg å sjå område og regionar i fylket.

Det meste av statistikken er bygd på offentleg tilgjengelege data, i stor grad frå Statistisk sentralbyrå og Folkehelseinstituttet. For at fylkeskommunen skal kunne publisere data på kommune- og regionnivå, er vi normalt avhengige av at kjeldene også publiserer på kommunenivå.

Data som berre blir offentleg tilgjengeleg på fylkesnivå, vil i framtida gjelde heile det nye fylket, og det vil ikkje vere mogleg å utan kostnad hente ut ny statistikk om dei to gamle fylka, eller statistikk for Vestland utanom Bergen. Det vil i dei fleste tilfella kunne la seg gjere å spesialbestille datauttrekk for fylket utan Bergen, men då til ein ekstrakostnad på normalt mellom 3500 og 12000 per uttrekk, pluss eigenkostnad for fylkeskommunen. Dette er likevel ein marginal problemstilling, då det meste av statistikken blir publisert på kommunenivå.

Ei viktig kjelde til informasjon om verdiskaping, sysselsetting, næring, og ringverknader av verksemdsetableringar og -nedleggingar, ligg i data frå fylkesfordelt nasjonalrekneskap, som til no berre har blitt publisert på fylkesnivå. Statistisk sentralbyrå er sjølvne merksame på at dette nivået blir for grovt med dei nye fylka, og fylkesrådmannen har vore i dialog med byrået om etablering av «nasjonalrekneskapsregionar» der Vestland blir delt i fire regionar.

Eit kriterium frå SSB har vore at kvar region skal innehalde minimum 100.000 innbyggjarar. Her er Bergen lagt inn som eigen region. Med unntak av Bergen, blir desse store regionane brotne ned til mindre «statistiske regionar» med i snitt 40.000 innbyggjarar kvar.

For augneblinken ligg data på dette nivået tilgjengeleg for fleire av tabellane i fylkeskommunen sin statistikkbank <https://statistikk.igest.no>. Ein vil der kunne sjå folketalsutvikling, og etter kvart bustad- og næringsutvikling også i denne regioninndelinga. Vi vil justere på denne inndelinga i samråd med SSB. Av forskingsmiljø, kan vi nemne at Telemarksforskning har vore i kontakt med fylkeskommunen om denne nye inndelinga, og vil truleg bruke inndelinga også i oppdrag for andre enn fylkeskommunen.

Fylkeskommunen samarbeider med fylkesmannen om kartløysinga www.fylkesatlas.no, og fylkesmannen og kommunane er naturlege dialogpartnarar når det gjeld formidling og handtering av kart og statistikk. I den grad det blir bestilt data frå forskingsinstitutt og andre, vil vi så langt det let seg gjere bestille data som skil mellom regionane, med Bergen som eigen region.

I tillegg har fylkesrådmennene saman med KS etablert eit fagnettverk for statistikk og analyse, som i 2020 vart innlemma i ei eiga foreining eigd av fylkeskommunane saman med Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Innovasjon Norge (Panda analyse). Det er meininga at større/felles problemstillingar og utviklingsoppgåver knytt til handtering av statistikk blir handtert i dette miljøet.

Hordaland og Sogn og Fjordane hadde i 2019 eit prosjekt rundt handtering av statistikk i samarbeid med Helse Førde, men konklusjonen herfrå vart at det var behov for å avvente utvikling av meir omfattande felles løysingar på tvers av fylka før vi kan gå vidare i dette samarbeidet.

Seksjon for statistikk, kart og analyse jobbar som nemnt også med andre digitale løysingar for visualisering av kunnskapsgrunnlaget i planstrategien og folkehelseoversikta. Første planlagde publisering av denne løysinga er så snart vi har fått på plass data frå Folkehelseinstituttet sitt fylkesbarometer. Barometeret blir etter planen publisert 24. mars. Fylkeskommunen håpar på å ha si løysing publisert innan ei veke etter dette."

Politiske saker

PS 2/20 Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - strategiar og planbehov

Forslag til vedtak

1. Planutvalet sluttar seg til at følgjande strategiar inngår som ein del av Utviklingsplan for Vestland:

- 1.1. Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling
- 1.2. Vestland skal forvalte og sikre viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
- 1.3. Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

- 2.1. Vestland skal utvikle menneskevennlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.
- 2.2. Vestland skal utvikle Bergen og attraktive regionale senter som grunnlag for vekst i heile fylket
- 2.3. Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

- 3.1. Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur og frivilligheita
- 3.2. Vestland skal utvikle eit meir aldersvennleg samfunn som grunnlag for verdiskaping
- 3.3. Vestland skal sikre deltaking gjennom utdanning og livslang læring
- 4.1. Vestland skal skape nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.
- 4.2. Vestland skal utvikle eit framtidretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.
- 4.3. Vestland skal styrke det regionale folkestyret

2. Planutvalet sluttar seg til planbehovet slik det er skildra i saka.

Saksprotokoll i 26.03.2020 - planutvalet

Trude Brosvik (KrF) sette på vegner av Sp, MDG, A, SV, V og KrF fram slikt forslag:

“Alternativ:

1. Planutvalet sluttar seg til at følgjande strategiar inngår som ein del av Utviklingsplan for Vestland:

Mål 4 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg vert flytta fram som mål 1 og får desse strategiane:

1. Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av korona.
2. Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.
3. Vestland skal utvikle eit framtidretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.
4. Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

Mål 1 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling vert nytt mål 2 og får desse strategiane:

1. Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp.
2. Vestland skal forvalte og sikre viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
3. Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

Mål 2 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland blir mål 3 og får desse strategiane:

1. Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.
2. Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.
3. Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

Mål 3 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping vert nytt mål 4, og får desse strategiane:

- 4.1 Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.
- 4.2 Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvennleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.
- 4.3 Vestland skal sikre deltaking gjennom utdanning og livslang læring.

2. Planutvalet ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei nærare vurdering av planbehov.”

Noralv Distad (H) sette fram slikt forslag:

“Alternativ:

- 1.2 Vestland skal forvalte og sikre infrastruktur og viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
- 2.1 Vestland skal utvikle vekstkraftige, menneskevennlige og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar og gode rammevilkår for næringsutvikling.
- 3.3 Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.
- 4.1 Vestland skal skape nye arbeidsplassar gjennom omstilling, berekraftig konkurransekraft og entreprenørskap.”

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

“Vestland skal bruke posisjonen som Norges leiande olje- og gassregion til også å skape nye arbeidsplassar gjennom omstilling, bærekraftig konkurransekraft og entreprenørskap.”

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke mot fylkesrådmannen si innstilling som fekk ingen røyster og fall.

Andersen sitt forslag fekk 7 røyster (FNB, Frp, H) og fall.

Distad sitt forslag punkt 1.2 vart samrøystes vedteke.

Distad sitt forslag punkt 2.1 fekk 7 røyster (FNB, Frp, H) og fall.

Distad sitt forslag punkt 3.3 vart samrøystes vedteke.

Distad sitt forslag punkt 4.1 fekk 7 røyster (FNB, Frp, H) og fall.

Vedtak

1. Planutvalet sluttar seg til at følgjande strategiar inngår som ein del av Utviklingsplan for Vestland:

Mål 4 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg vert flytta fram som mål 1 og får desse strategiane:

1. Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av korona.
2. Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.
3. Vestland skal utvikle eit framtidretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.
4. Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

Mål 1 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling vert nytt mål 2 og får desse strategiane:

1. Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp.
2. Vestland skal forvalte og sikre infrastruktur og viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
3. Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

Mål 2 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland blir mål 3 og får desse strategiane:

1. Vestland skal utvikle menneskevennlige og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.
2. Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.
3. Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

Mål 3 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping vert nytt mål 4, og får desse strategiane:

1. Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.
2. Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.
3. Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

2. Planutvalet ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei nærare vurdering av planbehov.

PS 3/20 Oppstart av arbeid med Regional Transportplan 2022 - 2033

Forslag til innstilling

1. Planutvalet sluttar seg til framdriftsplanen til planprogrammet for Regional Transportplan som tek sikte på endeleg vedtak i fylkesutvalet september 2020.
2. Planutvalet legg til grunn at måla vedtatt for Regional planstrategi 2020 - 2024 ligg til grunn i arbeidet med Regional transportplan 2022 - 2033.
3. Regional transportplan skal vere det øvste strategiske dokumentet for samferdsle i Vestland fylke, og skal sette retning for alle tema innan mobilitet og infrastruktur i Vestland fylke.
4. Regional transportplan skal vere ein plan for heile samferdsleområde i Vestland, det vil sei at den også skal omtale område utfor Vestland fylkeskommune sine ansvarsområde.
5. Det skal utnemnast ein saksordførar av fylkestinget som skal følgje arbeidet med utarbeiding av Regional Transportplan 2022 - 2033.

Saksprotokoll i 11.03.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til valnemnda.

Innstilling til planutvalet

1. Planutvalet sluttar seg til framdriftsplanen til planprogrammet for Regional Transportplan som tek sikte på endeleg vedtak i fylkesutvalet september 2020.
2. Planutvalet legg til grunn at måla vedtatt for Regional planstrategi 2020 - 2024 ligg til grunn i arbeidet med Regional transportplan 2022 - 2033.
3. Regional transportplan skal vere det øvste strategiske dokumentet for samferdsle i Vestland fylke, og skal sette retning for alle tema innan mobilitet og infrastruktur i Vestland fylke.
4. Regional transportplan skal vere ein plan for heile samferdsleområde i Vestland, det vil sei at den også skal omtale område utfor Vestland fylkeskommune sine ansvarsområde.
5. Det skal utnemnast ein saksordførar av fylkestinget som skal følgje arbeidet med utarbeiding av Regional Transportplan 2022 - 2033.

Saksprotokoll i 26.03.2020 - planutvalet

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Planutvalet sluttar seg til framdriftsplanen til planprogrammet for Regional Transportplan som tek sikte på endeleg vedtak i fylkesutvalet september 2020.
2. Planutvalet legg til grunn at måla vedtatt for Regional planstrategi 2020 - 2024 ligg til grunn i arbeidet med Regional transportplan 2022 - 2033.
3. Regional transportplan skal vere det øvste strategiske dokumentet for samferdsle i Vestland fylke, og skal sette retning for alle tema innan mobilitet og infrastruktur i Vestland fylke.
4. Regional transportplan skal vere ein plan for heile samferdsleområde i Vestland, det vil sei at den også skal omtale område utfor Vestland fylkeskommune sine ansvarsområde.
5. Det skal utnemnast ein saksordførar av fylkestinget som skal følgje arbeidet med utarbeiding av Regional Transportplan 2022 - 2033.

